Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk fjellsenter
Brubakken 2, 2686 Lom
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 57 64 31 47
fminpost@statsforvalteren.no
http://www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen

Vest-Jotunheimen Villreinutval
v/Vidar Moen

Saksbehandlar Eldrid Nedrelo **Vår ref.** 2021/3144-4 432.3 **Dykkar ref.** **Dato** 12.04.2021

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Avslag på søknad om dispensasjon - Motorferdsel - Tilsyn med villrein - Vest-Jotunheimen Villreinutval

Vi viser til dykkar søknad om løyve til bruk av snøskuter i oppsynsoppdrag, datert 08.03.21, til e-postutveksling den 15.03 og 17.03.21 og til telefonsamtale den 18.03.21.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen handsama søknaden i møte den 8. april 2021, og gjorde slikt vedtak:

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde § 4 fyrste alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval om bruk av snøskuter for tilsyn med villrein.

I vurderinga er det lagt særleg vekt på at omsøkt tiltak vil kunne kome til skade for verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde §§ 2. Føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova §9), omsynet til samla belasting (naturmangfaldlova § 10), og faren for presedens for andre liknande tilfelle.

Vi viser til vedlagt utskrift av møtebok for nasjonalparkstyret, sak 18/21.

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret innan 3 veker etter at vedtaket er motteke.

Med helsing

Eldrid Nedrelo
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi per e-post til:
Statsforvaltaren i Vestland
Luster kommune
Årdal kommune
Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem
Kari Sveen

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/3144-3 **Saksbehandlar:** Eldrid Nedrelo **Dato:** 22.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	18/2021	08.04.2021

Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Tilsyn med villrein - Vest-Jotunheimen Villreinutval

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde § 4 fyrste alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval om bruk av snøskuter for tilsyn med villrein.
I vurderinga er det lagt særleg vekt på at omsøkt tiltak vil kunne kome til skade for verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde §§ 2. Føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova §9), omsynet til samla belasting (naturmangfaldlova § 10), og faren for presedens for andre liknande tilfelle.
--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 08.04.2021

E-post frå representanten Bjørndal vart referert. Han hadde ikkje noko anna forslag til vedtak.

Vedtak

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde § 4 fyrste alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval om bruk av snøskuter for tilsyn med villrein.

I vurderinga er det lagt særleg vekt på at omsøkt tiltak vil kunne kome til skade for verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde §§ 2. Føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova §9), omsynet

til samla belasting (naturmangfaldlova § 10), og faren for presedens for andre liknande tilfelle.

Dokument i saka

- Søknad om løyve til bruk av snøskuter i oppsynsoppdrag, datert 08.03.21.
- E-post av 15.03.21 frå nasjonalparkforvaltar til søkjar om tilleggsopplysningar til søknaden.
- Tilleggsopplysningar til søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval i e-post av 17.03.21
- Telefonsamtale mellom søkjar og forvaltar den 18.03.21

Saksopplysningar

Søknad om løyve til bruk av snøskuter i oppsynsoppdrag,

Vestjotunheimen villreinutval *er ein samanslutning av alle grunneigarane i Luster og Årdal kommune med rettar i vestjotunheimen villreinområde.*

Utvalets oppgåver er praktisk forvaltning av villreinstammen i samarbeid med Villreinnemnda. Vi har ansvar for organisering av oppsyn, utarbeiding av bestandsplanar, høyringspart i saker som berører villreinområdet og telling.

*Vi er komen i ein situasjon der vi ikkje lenger kan leige inn oppsyn i same omfang frå Fjellstyra i Årdal og Luster som tidligare. Tidligare har vi hatt eit samarbeid der oppsyn for Fjellstyret har også hatt ''auga'' for villrein på sine oppsynstyrar. Luster Austre Fjellstyre selger ikkje lenger denne tjenesten til oss. Dei har og redusert sine oppsynsaktivitetar, det betyr at vi ikkje får samkøyrt oppsyn for Fjellstyret og Villreinutvalet. Vi har ikkje økonomi til å leige oppsyn til oppgåver knytta til overvåking og kontroll. **

Ei løysing på denne saka er at villreinutvalet får tildelt løyve til bruk av snøskuter ifm med registrering og oppsyn av villrein innanfor heile Vestjotunheimen Villreinområde. Da har vi ei løysing der vi betalar for faktiske utgifter til eigar av snøskuter. Sjølve oppsynsdelen vil da føregå på dugnad frå medlemmer i eller knytta til villreinutvalet.

Vi ynskjer løyve til å nytte to skuterar til oppsyn med bestanden og om det skulle vere naudsynt å rykke ut ifm registrering av ulovleg tamreinbeite i villreinområde.

Vestjotunheimen villreinutval vil ikkje gå til innkjøp av snøskuter men inngå avtale med lokalkjente grunneigarar, redningskorps eller idrettslag. Det er viktig at vi har dei rette personane til å utføre oppdraget, dei skal og representere utvalet om situasjonar oppstår. Steinar Mørkrid og son vil vere to vi vil kunne nytte, dei har utstyr og er kjent i fjellet. Dei utøver i dag oppdrag med løypemerking og transport til Skogadalsbøen. Dette er oppdrag som kan samordnast men vi treng likevel å kunne rykke ut utanom desse områdene

Motrorferdselen ifm våre oppgåver vil ikkje verte større en det som tidligare år har vore nytta ifm oppsynsteneste for villreinutvalet.

Vi har i tillegg eit samarbeid med SNO der dei rapporterer inn observert rein til oss ifm andre oppdrag. I tillegg vil dei kunne bistå oss noko ifm

*Vi ber om godkjenning av løyve for bruk av **to snøskuterar i** det området av Årdal kommune som ligg innanfor Vestjotunheimen villreinområde. Også det som ligg innanfor Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområde. Syner til kart og beskrivelse av området i vedlegg*


Ber om at løyve vert gjeve for 3-5 år.

Likelydande søknad går til Luster kommune og Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen.

* Forvaltar viser til avsnittet «Vurdering» lenger ned i saka om at SNO er jamleg ute i området i samband med tilsyn og kontroll: *Villrein er ein nasjonal ansvarsart som SNO er pålagt å føre tilsyn med. SNO har avtale om tenestekjøp med Årdal Fjellstyre og dei har båe partar oppsynsturar med særskilt villrein for auga i det aktuelle området. SNO driv også med jervesporing både i Luster og i Årdal innanfor verneområda, også på desse turane held SNO auga med villrein. Elles fører SNO frå Innlandet tilsyn i grenseområda mellom Breheimen og Jotunheimen. Tidlegare oppsyn i Luster Austre Fjellstyre hadde først og fremst tilsyn med villrein i samband med jerveregistrering i området.* Ein kan såleis ikkje sjå at den samla innsatsen frå oppsynet si side er vesentleg redusert, sjølv om Luster Austre Fjellstyre har redusert aktiviteten.

Vedlegg til søknaden

Vest–Jotunheim villreinområde avgrenses mot vest og sør av henholdsvis Lusterfjorden og Årdalsfjorden–Øvre Årdal. Fra Øvre Årdal mot Tyin er grensen sammenfallende med Rv. 53 til Tyinvatnet, og derfra sammenfallende med fylkesgrensen mot Oppland til Liabrevatnet. Fra Liabrevatnet går grensen i sørvestlig retning over Liabrekulen til Liaflui. Derfra går grensen i rett linje til Åsete i Fortunsdalen og videre ned Fortunsdalen til Lusterfjorden. I 1993 ble det bestemt at villreinområdet skulle deles i to geografiske soner, med Utla/ Storutladalen som grense mellom dem.



Førespurnad om utfyllande opplysningar til søknaden, e-post datert 15.03.21 frå nasjonalparkforvaltar

Hei, vi viser til søknaden dykkar om løyve til bruk av snøskuter i oppsynsoppdrag, motteken den 10. mars.

Eg skulle gjerne hatt litt meir utfyllande informasjon om kva de legg i «registrering og oppsyn av villrein».

Inneber dette også bruk av snøskuter i samband med teljing? Motorferdsla det her vert søkt om, er den forankra i en plan?

Tilleggsopplysningar til søknaden, e-post datert 17.03.21 frå Vest-Jotunheimen Villreinutval

Vi har nytta oppsynsløyve til Luster Fjellstyre, Aina og Einar, som då var innleigd på oppdrag for Villreinutvalet. Vi har for tida ikkje slik avtale og må da ha eige løyve for å kunne gjere observasjonar i forkant av teljing. Det gjer det lettare og billigare for oss å utføre totalteljing som vil føregå frå helikopter i etterkant av observasjon. Vi har og tilhøver der tamrein nærmar seg villrein og vi skal halde oppsyn med situasjon. Dette er noko som har teke seg opp siste åra. Seinast for nokre veker sidan.

På spørsmål om dette er forankra i plan så er sjølve køyringen ikkje det da vår Bestandsplan har gått ut og vi arbeidar for tida med ny.

Om vi skal konkretisere det i ein plan må det verte køyring ila februar/ mars ifm teljing. Her er det snakk om 2-4 turar i året. Vi har god dialog med SNO når dei er ute på sporing eller andre oppdrag, dei rapporterar kvar rein er og kor mange. Somme år er det tilstrekkelig før teljing med helikopter, då køyrer sjølvsagt ikkje Villreinutvalet.

Når det gjeld andre oppdrag som i tilfelle med tamreinbeite i villreinområdet så er det oppdrag som ikkje kan vere i noko plan. Vi må ha mulegheit til å kunne rykke ut på nokre timars varsel, evt ein dag. Vi har dialog med tamreinnæringa om varsling, dei skal varsle minst ein dag før dei skal inn for å hente rein eller at dei er på veg og ikkje får avverga. Det siste har vorte dårlegare siste åra.

Samla køyring vil eg tru ikkje vert meir en 4-6 turar i året. Mest truleg vert det ingen køyring inn i Nasjonalpark og Landskapsvernområde då teljingen stort sett er utanfor desse områda. Det er mest truleg at det kan verte turar ifm tamrein som kjem inn. Det gjeld og i Årdal Austre statsallmenning. Håpar dette var avklarande

Telefonsamtale mellom forvaltar og søkjar den 18.03.21
I telefonsamtale den 18.03.21 opplyser søkjar om at strukturteljinga er tenkt gjennomført så snart som råd, men ein er avhengig av gode flyforhold og helst nysnø. Teljinga bør ideelt skje i februar eller i byrjinga av mars, i god tid før kalving. Det vert også opplyst om at det ikkje vil vera behov for bruk av snøskuter innanfor nasjonalparken eller landskapsvernområdet i år, då det mest sannsynleg ikkje er villrein i desse områda på noverande tidspunkt.

Forvaltar synte til dialog med SNO i Lom og Skjåk som har opplyst om at tamrein no er i Lomseggen-området. Største faren for samanblanding mellom villrein og tamrein på Sognefjellet er i perioden januar – fyrst i februar, og ein meiner difor sjansen for samanblanding mellom villrein og tamrein er svært liten frå mars og utover. Søkjar stadfesta dette. Søkjar viser til at det ut frå erfaring oppstår fare for samanblanding om lag ein gong årleg og at det er ønskje om løyve til ein tur til å handtere slike situasjonar. Forvaltar synte til at dersom slike tilfelle oppstår er praksis frå andre område at ein evt. handterer det med hasteløyve når situasjonen oppstår.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde av 14.11.14

Formålet med Utladalen landskapsvernområde er *«- - - å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark.*
Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *- - -*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde, er motorferdsel på land og i vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken forbode (verneforskrifta § 3 pkt. 6.1), med unnatak gjeve i pkt. 6.2 og 6.3. Det er ikkje nokon spesifisert unntaksregel for motorferdsel knytt til tilsyn med villrein i verneforskrifta for nasjonalparken, og ein søknad om dispensasjon krev difor behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 første alternativ, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ.

Formålet med Jotunheimen nasjonalpark er «*å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfal, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi.*
- *- - -*
- *Leveområde for villreinen*
- *Klturminne*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, er motorferdsel på land og i vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken forbode (verneforskrifta § 3 pkt. 6.1), med unnatak gjeve i pkt. 6.2 og 6.3.

Det er ikkje nokon spesifisert unntaksregel for motorferdsel knytt til privat tilsyn med villrein i verneforskrifta for nasjonalparken, og ein søknad om dispensasjon krev difor behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 første alternativ, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».* Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonen *må* ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Det skal gjerast ei konkret vurdering i den einskilde saka, og skjønn og retningsliner frå overordna styresmakter er del av vurderinga samstundes som ein skal vektlegge tilrettelegging for verdiskaping. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.


Forvaltningsplan (Utkast 2008)

I forvaltingsplanen er det presisert at «Det er generelt ønskeleg å halde omfanget av motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde så lågt som mogleg, både når det gjeld vinter og sommar, på land og på vatn og i lufta. Også lovleg motorferdsel skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg, og må avgrense seg til det som er naudsynt.»

Forvaltingsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltingspraksis tek ein sikte på å bevare områda markert med grønt

på forvaltingsplankartet mest mogleg uforstyrra. Soneinndelinga gjeld både i høve til tekniske inngrep og ulike aktivitetar, som bruk av motorferdsel.

Kartet nedanfor viser soneinndelinga i forvaltingsplanen, med grøne teigar som skjerma:



Motorferdsla det her er søkt om for tilsyn med villrein vil i utgangspunktet gjelde følgjande område i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde:

- Teig 4 (grøn sone)
- Delar av teig 8 (brukssone)
- Teig 9 (brukssone)
- Teig 10 (brukssone)
- Teig 11 (brukssone)
- Brukssone

I brukssone er det opna for ein viss aktivitet så lenge ein tek omsyn til sårbare artar og andre verneverdiar.

I e-post av 17.03 vert det opplyst om at det mest truleg ikkje vert noko køyring i nasjonalparken og landskapsvernområdet då teljinga stort sett er utanfor desse områda. Det vert presisert at *«motorferdsel i nasjonalparken og landskapsvernområdet er mest aktuelt knytt til situasjonar der det kjem tamrein inn i villreinområdet. Dette gjeld òg i Årdal Austre Statsallmenning.»*

Dette gjeld først og fremst teig 8 og 9.

Naturmangfaldlova

Bruk av naturmangfaldlova § 48 er omtala til slutt i avsnittet om *Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde av 14.11.14* ovanfor og blir difor ikkje nærare omtala her.

Alle tiltak skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-

varprinsippet, samla belasting på økosystemet, kostnader ved miljøforringing berast av tiltakshavar, og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar), jf. § 7.

Presedens

Evt. bruk av snøskuter for tilsyn med villrein bør knytast direkte til strukturteljinga for å samle motorferdsla mest mogleg i tid og rom. Dersom ein ser at det er behov for bruk av snøskuter i samband med framtidig teljing av villrein, vil det vera positivt at søkjar samordnar desse søknadene frå og med 2022.

Ein er ikkje kjend med at det er vanleg praksis innanfor verneområda i andre villreinområde at villreinutvalet har eit eige løyve til bruk av snøskuter for å kunne rykke ut ved samanblanding mellom tamrein og villrein. Det er til saman 24 villreinområde i Norge og ein meiner at bruk av snøskuter til ei form for privat oppsyn vil kunne skape uheldig presedens.

Vurdering

Å ta vare på leveområde for villreinen er eit av dei spesifikke formåla med vernet i Jotunheimen nasjonalpark. Ei av hovudoppgåvene til villreinutvalet er knytt til bestandsforvaltning med gjennomføring av årlege teljingar og registreringar som grunnlag for fastsetjing av fellingskvotar. God kunnskap om villreinstammen, slik som teljingar, er heilt grunnleggande for å kunne drive ei god forvalting. Bruk av helikopter for teljing av villreinen i Vest-Jotunheimen har vore vanleg praksis i ei årrekkje. Villreinutvalet har eit eige løyve til dette formålet som gjeld til og med 2021.

I e-post frå søkjar av 17.03.21 blir det opplyst om at det mest truleg ikkje vert køyring med bruk av snøskuter inn i nasjonalparken og landskapsvernområdet som omsøkt, då teljing av villrein stort sett føregår utanfor desse områda. Søkjar stadfesta at det ikkje er behov for dette i år i telefonsamtale den 18. mars. Søkjar opplyser samstundes om at teljinga er tenkt gjennomført så snart som råd med omsyn til kalving, men at det er ein føresetnad med gode flytilhøve og at det helst skal vera nysnø. Fostringsflokken for villrein trekker vanlegvis frå Hurrungane-området mot kalvingsområdet rundt 10. april, før kalvinga startar noko seinare i slutten av april – starten av mai. I denne perioden er villrein særleg sårbar og dyra bør ikkje stressast/uroast.

Det er generelt svært viktig å minimere uroing av villrein og andre dyre- og fugleartar i nasjonalparken og landskapsvernområdet, og det er viktig at motoroferdsel vert avgrensa til det som er strengt naudsynt. SNO er jamleg ute i området i samband med tilsyn og kontroll. Villrein er ein nasjonal ansvarsart som SNO er pålagt å føre tilsyn med, og observasjonar vert registrert og er tilgjengelege i artsobservasjonar. SNO og Årdal Fjellstyre (etter avtale om tenestekjøp med SNO) har oppsynsturar med særskilt villrein for auga i det aktuelle området. SNO driv også med jervesporing både i Luster og i Årdal innanfor verneområda, også på desse turane held SNO auga med villrein. Og SNO frå Innlandet fører tilsyn i grenseområda mellom Breheimen og Jotunheimen.

SNO vil såleis kunne gje villreinutvalet opplysningar om observasjonar av villrein, også knytt til område der det kan vere fare for samanblanding med tamrein. Det er viktig med god informasjonsflyt mellom oppsynet og villreinutvalet for å redusera motorferdsel knytt til tilsyn med villrein.

I søknaden er det elles synt til at privatpersonar som kan drive tilsyn på vegner av villreinutvalet har andre oppdrag m.a. til Skogadalsbøen som vil kunne kombinerast med tilsyn med villrein, men at det er viktig å kunne rykke ut utanom desse områda. Det er som nemnt svært viktig at ein samordnar aktivitet knytt til motorferdsel så langt råd er, og ein ser ikkje at det er behov for eit eige løyve til bruk av snøskuter ved fare for samanblanding mellom tamrein og villrein i inneverande år sidan tamreinen no er i Lomseggenområdet. Etter påske vil tamreinen bli flytta frå Lomseggen over Høydalen, via Bøverkinnhalsen og Leirvassbu og til kalvingsområdet i Smådalen. Ved evt. fare for samanblanding mellom tamrein og villrein må det dessutan liggje føre løyve frå Miljødirektoratet for at ein evt. skal kunne jage villrein.

Ein er elles kjend med at tidlegare fjelloppsyn i Luster først og fremst hadde tilsyn med villrein i samband med jerveregistrering i området. Slik sett kan ein ikkje sjå at moglegheita for målretta tilsyn med villrein har gått særleg ned siste året.

Det er ikkje ein eigen heimel i verneforskrifta for å gi løyve til bruk av snøskuter for privat tilsyn med villrein. Søknaden må difor vurderast etter verneforskrifta § 4 fyrste alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ. Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig».* Begge vilkåra må vera oppfylt. Forvaltar meiner det ikkje kan gjevast løyve til bruk av snøskuter i *heile* nasjonalparken og landskapsvernområdet for å kunne rykke ut ved evt. fare for samanblanding mellom tamrein og villrein då det vil kunne vere til skade for verneverdiane og verneformålet. Det er størst sannsyn for at samanblanding mellom tamrein og villrein vil kunne skje i januar – byrjinga av februar, og dette er også ein svært sårbar periode for trua og sårbare artar av rovfulg. Evt. uroing i denne perioden kan såleis kome til skade for verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde §§ 2.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, Naturbase, Artsdatabanken og oppsyn i området ved Statens naturoppsyn. Det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Bruk av snøskuter tidleg på vinteren vil m.a. kunne forstyrre trua og sårbare artar av rovfugl i etableringsfasen før- og tidleg i hekkinga. Kunnskapsgrunnlaget er godt, jf. naturmangfaldlova § 8, men ein veit ikkje på førehand kva rute som er aktuell å ta i akutte situasjonar ved evt. samanblanding mellom villrein og tamrein. Av omsyn verneverdiane og med bakgrunn i føre-var-prinsippet meiner ein difor at søknad om bruk av snøskuter i slike situasjonar bør avklarast når situasjonen oppstår, jf. naturmangfaldlova § 9. Ved konkret behov etter formell varsling frå Lom Tamreinlag til Villreinutvalet, vil forvaltar i samråd med styreleiar kunne gje eit hasteløyve som er avgrensa i tid og rom til konkret formål. Ein kan ikkje jage villrein utan at det føreligg eit vedtak om det frå Miljødirektoratet, og det må leggjast til grunn at tamreinlaget sjølve styrer sin flokk tilbake til eige område.

Økosystemtilnærming og samla belasting på verneområdet skal vurderast, jf. naturmangfaldlova § 10. Det er opplyst om at privatpersonar som kan drive oppsyn på vegner av Villreinutvalet har andre oppdrag til m.a. Skogadalsbøen som vil kunne kombinerast med tilsyn av villrein. Det er viktig å halda motorferdsel på eit lågt nivå, og i desse løyva er det sett vilkår om samordning av oppdrag i området. I den grad det er behov for å nytte snøskuter som eit ledd i førebuinga av strukturteljinga med helikopter, vil Vest-

Jotunheimen Villreinutval kunne samordne desse søknadene frå og med 2022. Omsøkt tiltak vil elles kunne skape uheldig presedens, ikkje berre i verneområda i Jotunheimen, men også i andre nasjonalaparkar som er leveområde for villrein.
Det er ikkje relevant å vurdere naturmangfaldlova §§ 11 og 12 nærare.

Konklusjon
Med bakgrunn i vurderingane etter verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde § 4 fyrste alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ, samt naturmangfaldlova §§ 8-10, tilrår nasjonalparkforvaltaren å avslå søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval om bruk av snøskuter for tilsyn med villrein. I vurderinga er det lagt særleg vekt omsynet til verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskriftene §§ 2, føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9), omsynet til samla belasting i området (naturmangfaldlova § 10) og faren for presedens i andre liknande saker.